

DEN NORSKE KYRKJA

Fjaler sokn
Dalstunet, Dalsvegen 105A
6963 Dale i Sunnfjord

Årsrapport 2021

Fjaler sokn



Mål for kyrkja i Fjaler:

At Kristus skal bli kjend, trudd, elska og etterfølgd.

Møte folk der dei lever; i glede og i sorg.



ÅRSRAPPORTEN 2021

Årsrapporten speglar det meste av aktiviteten til den lokale kyrkja i Fjaler. Kyrkjeverje er «redaktør» men både sokneprest og kantor har skrivne om sine ansvarsområde.

Årsrapporten vil vere tilgjengeleg på Fjaler sokn si heimeside: www.fjaler.kyrkja.no, og blir lagt ut i kyrkjene/kapella og på kyrkjekontoret.

Gudstenester, der mellom anna kor og barn som deltek i trusopplæringstiltak er involvert, er hovudsatsingsområdet. Koronapandemien førte også dette året til ei avgrensing i aktiviteten.

Koronapandemien varde dessverre lenger enn det vi såg føre oss då det nye året starta. Slik som i 2020 var det dette året óg varierende grad av nedstenging.

Namnregistrering og minimum 1 meter avstand har vore regelen når det har vore restriksjonar. Faste tilviste plassar tyder at vi viser folk til der dei skal sitje og bli sitjande under heile arrangementet, med unntak av når ein beveger seg ved dåp og nattverd.

Etter at ein gjennomførde julegudstenestene i 2020 med påmelding og maks 50 deltakarar, vart det ny nedstenging frå 4. januar der det var anbefalt å avlyse alle fysiske samlingar.

Frå 19. januar og i om lag ein månad kunne ein ved offentlege arrangement vere 10 deltakarar + medverkande. Gravferder kunne framleis ha 50 deltakarar + medverkande.

23. februar vart det opna for inntil 100 deltakarar med faste tilviste plassar + medverkande. Avstand minimum 1 meter. Ved song var anbefalinga 2 meter avstand. I gravferd ved mindre lokale som i Hellevik kapell, var det opning for at allsong kunne erstattast med solosong for at fleire kunne delta.

25. mars vart det ny innskjerping der det var anbefalt å avlyse arrangement eller avvikle med maks 20 deltakarar.

Påska i år var, som i fjor, heilt stengd for gudstenester.

Etter påske, frå 16. april, vart det på nytt opna for gudsteneste, med inntil 100 deltakarar i faste tilviste plassar. Avstands-anbefaling ved song var framleis 2 meter.

Frå 27. mai vart det opning for at ein kunne krysse kommunegrensene for å delta på arrangement. No kunne vi ha inntil 200 deltakarar med 1 meters mellomrom på faste tilviste plassar. Slutt på anbefaling om 2 meter avstand ved synging.

Dette gjaldt til 25. september kl. 16, då landet vart opna heilt opp og alle restriksjonane vart avvikla.

«Smittevernrettleiaren for Den norske kyrkja» vart avvikla.

No var det slutt på avstandskravet, antalsbegrensning og registreringsplikt.

Vi jubla og såg for oss at resten av hausten og jula dette året skulle bli «normal».

Men vi gledde oss for tidleg, natt til 9. desember var meteren tilbake. Det var óg registrering av namn og telefonnr. No kunne ein samle inntil 200 på faste tilviste plassar. Dette skjedde etter at ein ny virusvariant, omikron, breidde seg raskt og tok over etter den førre, delta,

15. desember vart det stramma ytterlegare inn. No var det på nytt inntil 50 registrerte deltakarar på faste tilviste plassar. Nytt no var at medverkande var inkludert i makstalet. I tillegg måtte vi også registrere på kva benk dei sat. Det vart no krav om munnbind når ein ikkje kunne halde 1 meter avstand. Julegudstenestene måtte på ny avviklast med påmelding. No vart arrangøren ansvarleg for smittesporing dersom kommunen bad om det. Tidlegare var det kommunen som hadde ansvar for smittesporinga.

Av alt det negative som pandemi og restriksjonar førde med seg, var nok det såraste å berre kunne ha 50 i gravferd, og der pårørende måtte invitere kven som fekk komme, og samtidig velje bort mange som hadde hatt lyst å vere med.

Endring av lovverk gjeldande frå 1.1.2021 som har innverknad på soknet si verksemd

Kyrkjeleg lovverk - endring

Kirkeloven («Lov 7. juni 1996 nr. 31 om Den norske kirke»), slutta å gjelde 1.1.2021. Kirkeloven er, frå same dato, «erstatta» av eit eige kapittel i Trossamfunnsloven «Lov om tros- og livssynssamfunn», Kapittel 3. Den norske kirke .

Kirkeordning for Den norske kirke tok til å gjelde frå same dato.

Kirkemøtet har med hjemmel i trossamfunnsloven §§ 11, 12, 15 og 17 fastsatt en kirkeordning for Den norske kirke. (Kirkeordning 30. mars 2019 nr. 2307 for Den norske kirke).

Kirkemøtet bestemte at det meste i Kirkeloven «Lov 7. juni 1996 nr. 31 om Den norske kirke» Skulle gjelde inntil vidare. Men er ikkje lenger juridisk bindande.

Gravplasslova og gravplassforskrifta – endring av organ for godkjenning- og klagemynde

Gravferdslova har skifta namn til gravplasslova.

Frå 1. januar 2021 har Statsforvaltaren (tidlegare fylkesmannen) teke over bispedømerådet sitt ansvar for godkjenning av gravplassar og som klageinstans i saker knytt til gravferdslova og gravferdsforskrifta (som no heiter gravplasslova/gravplassforskrifta).

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark vil ha ansvar for dette saksfeltet i heile landet. Der vil også gravplassrådgjevar-tenesta vera lokalisert.

Fjaler sokneråd har 8 faste, leke medlemmer, og i tillegg soknepresten som er geistleg representant. Sokneprest Knut Arne Kummeneje. Personleg vara: prost Knut Magne Nesse. Når rådet handsamar saker som involverer kommunen, har kommunal finansiering gjennom drift- og investeringstilskotet, møter den kommunale representanten. Kommunal representant: Ole Jakob Nedrebø. Personleg vara: Hjørdis Åsnes

Fjaler sokneråd, leke medlemmer, 2019-2023

Trude G. Høgseth Felde, Terje Roald Halsnes, Sølvi Ann Solheim Løkkebø, Vibeke Mandelid, Merete Myromslien, Solveig Nitter, Liv Sandsund og Lena Therese Solheim.

Varamedlemmer: 1. vara: Christer Yndestad, 2. vara: Bente Synnøve Sæterdalen Solheim.

Soknerådet har berre to varamedlemmer. Det vanlege er fem.



Soknerådsleiar i 2021: Trude G. Høgseth Felde.
Nestleiar: Terje Roald Halsnes.

Etter at Terje Roald Halsnes har vore soknerådsleiar i ei årrekkje, bytta han frå 1.1.2021 plass med nestleiar Trude G. Høgseth Felde

Soknerådsmøte, -saker, representasjon, samlingar, soknemøte og kyrkjelydsmøte.

Fjaler sokneråd har hatt 6 møte og handsama totalt 70 saker.

Budsjett, økonomiplan, rekneskap, årsrapport, gudstenesteplan og offertildeling er årlege saker.

Høyringsaker:

- Lokal grunnordning for hovudgudsteneste i Fjaler sokn
- KA` strategiplan
- KA`s framtidige rolle i digitaliseringsarbeidet i Den norske kyrkja
- Påskeliturgiar
- Endringar i gravplasslova og gravplassforskrifta
- Ny kyrkjeleg organisering

Kyrkjelydsmøte og samling

«Alternativt soknemøte» vart gjennomført i februar fordi koronarestriksjonar gjorde at vi ikkje kunne ha møtet i kyrkja.

Sak 1. «Lokal grunnordning for hovudgudsteneste i Fjaler sokn som inkluderer gudstenesteforordning for Fjaler sokn.» Her kom det ikkje tilbakemelding.

Sak 2. «Endring av dag for konfirmasjonsgudstenester». I framtida vert konfirmasjonsgudstenestene på laurdag. Ingen negative tilbakemeldingar.

Kyrkjelydsmøte i mars, med presentasjon av årsrapporten, har vi tatt ein pause med, på grunn av liten oppslutnad. Det kunne vi uansett ikkje hatt i år på grunn av koronapandemien sine restriksjonar.

Medarbeidarsamling

7. desember, ei veke før ny nedstenging av Norge, hadde vi medarbeidarsamling på Ljosheim. I underkant av 30 var samla til god mat og litt program. Sokneråd, tilsette og frivillege medarbeidarar var invitert. Prost Knut Magne Nesse kom frå Florø og helsa oss. Sokneprest Knut Arne Kummeneje song saman med soknepresten i Askvoll, Kjell Oav Høstaker Nordheim.

Tilsette

Kyrkjeverje: 100 % stilling. Irene Fløde har permisjon i 20 % av stillinga for å hjelpe Hyllestad sokn med kyrkjeverjeoppgåver.

Kyrkjeseekretær: 40 % stilling. Joy Elizabeth Taylor.

Kantor: 100 % stilling. Mark Taylor har 10 % permisjon for å skjøtte sitt politiske verv i Vestland fylkeskommune.

Vikarorganist sidan 1988, Reidun Eiken (71) pensjonerte seg. Vi er takksame for hennar trufaste innsats gjennom over 30 år.

Kyrkjjetenar i Dale kyrkje og gravplassarbeidar på Dale kyrkjegard: 50 % stilling. Jostein Løseth slutta i stillinga sommaren 2021 etter 10 år i «denne» stillinga. Jostein Løseth var tidlegare engasjert som sjølvstendig næringsdrivande.

Atle Lyngstad Ness overtok som kyrkjjetenar, først på kortidsavtale, seinare fast. Dale gravplass vart slått av Benjamin Ulvik Alværen, elev på vidsregående skule.



Kyrkjjetenarane og gravplassarbeidarane Jostein Løseth og Stig Robert N Moltumyr slutta begge i 2021.

Kyrkjjetenar i Hellevik- og Folkestad bedehuskapell, kyrkjjetenar i Guddal kyrkje og gravplassarbeider på Guddal gravplass, samt reinhaldar av kyrkjekontoret m.m: 50 % stilling. Stig Robert N. Moltumyr slutta i stillinga 1. april 2021.

Ny kyrkjetenar i Guddal kyrkje og kapella er Anne Brit Mo.
Gravplassen i Guddal vart slått av Jack Wronowski Premyslaw med «retteiing» av Reidar Langeland.

Til vedlikehald på dei to gravplassane i ytre Fjaler, Hellevik og Folkestad, har soknerådet avtale med Jostein Folkestad. Han er sjølvstendig næringsdrivande.

Prestetenesta

Sokneprest: 100% stilling. Knut Arne Kummeneje. Sokneprest i Hyllestad, og seinare seniorprest, Audun Systad, har hatt nokre tenester i Fjaler. Det har òg prostiprest Runar Matsui-Lie. Sokneprestane i Fjaler, Hyllestad og Askvoll vikarierte for kvarandre ved ferieavviklinga sommaren 2021.

LIVSRITER

	2018	2019	2020	2021
Dåp	15	15	14	23
Konfirmasjon	38	30	33	27
Vigsel	2	3	1	4
Gravferd / Bisetjing	38	21	17	35

Tala i parentes er frå 2020

Dåp:

Vi har ei fast spalte om dåp i kyrkjebladet og på heimesida.

Det var 20 (11) dåp i Dale kyrkje, 1 (0) i Guddal kyrkje, 0 (1) i Hellevik kapell, 2 (1) i Folkestad kapell og 0 (1) dåp ved Korssundskrossen.

Konfirmant: Konfirmanttalet varierer frå eitt år til eit anna. Etter at det dei siste åra har vore 30 og over, er kulla no mindre.

19 (27) vart konfirmerte i Dale kyrkje, 6 (1) i Guddal kyrkje og 2 (1) i Folkestad kapell.


Vigsel: Det var 2 (1) vigslar i Dale kyrkje, 1 (0) i Guddal kyrkje og 1 (0) ved Korssundskrossen.

Gravferd/bisetjingar:

Tal gravferder syner ein dobling sidan året før.

Fordelinga var 26 (12) i Dale, 1 (2) i Guddal, 5 (2) i Hellevik og 3 (3) i Folkestad.

"SAMAN I TRUA, SAMAN I KYRKJA" Trusopplæringa i 2021



Nok eit år med trusopplæringsaktivitet i Fjaler har gått, og trusopplæring for born og unge er framleis viktig for kyrkja – eit møte i tru og religiøs praksis. Det kjennest meiningsfullt å bli kjent med borna og ungdommen i deira møte med kyrkja. Nedstenginga av Noreg på grunn av korona-

pandemien, råka også nokre av aktivitetane i trusopplæringa i 2021. Vi er likevel nøgd med at det meste blei gjennomført.

Dåpsfase med dåpshelsing og babysong

I dåpssamtalen får kyrkja eit første møte med familiane. Til eitt-, to- og treårsdagen for dåpen, sender kyrkja ei helsing til familiane med informasjon om dei kristne høgtidene; jul, påske og pinse – med fokus på ei høgtid per brev.

Babysong er eit tilbod i samarbeid med kulturskulen og helsestasjonen - med to familiesamlingar på Ljosheim – der også søsken og familie elles kan vere med. I 2021 vart det ikkje arrangert babysong i Fjaler.

To-, fire-, og seksårssamlingar

I samband med desse tiltaka får borna delt ut bøker i same bokserie. På grunn av korona-nedstenging, blei 2-årssamlinga avlyst. Fireåringane hadde ein deltakingsprosent i 2021 på 88 mot 94% i 2020, og for seksåringane var oppslutnaden 85% i 2021 mot 69% i 2020.

Påskevandring, gudstenesteagentar og Den store forteljinga (minikonfirmantar)

Dette er tiltak for dei som går i 3.-, 4.-, og 5. klasse, der påskevandring er for den yngste gruppa, gudstenesteagentar for dei i midten, og Den store forteljinga for dei eldste. Desse tiltaka går kvart år for dei som soknar til Dale kyrkje, men for Guddal og ytre Fjaler slår vi saman tiltaka for 3.-5. årssteg slik at dei får eitt slikt tiltak i året. Etter planen skulle då Guddal og ytre Fjaler ha Påskevandring. Dessverre blei det nedstenging, og opplegget blei gjort om til Pinsevandring i staden og gjennomført rundt pinse 2021 – utan utdelingsgudsteneste. Oppslutninga var 41%. Den store forteljinga blei arrangert i januar-februar for Dale og Flekke – utan utdelingsgudsteneste, og hadde ei deltaking på 62%. Borna fekk bøkene utdelt på samlingane.

Fredag 3. september hadde **Kirkerottene** framsyning i Dale kyrkje for born i barnehagane.

Kirkerottene er eit teater frå Gjøvik med teaterframsyningar for born.

I planen har vi Kirkerottene som eit tiltak for 5-åringar, og oppslutnaden denne gongen var 78%, men berre femåringar frå Dale tok del.

Middag og misjon

Her inviterer vi 8.-klassingar til eit opplegg om misjon i samarbeid med Det Norske Misjonsselskap, NMS. Det er fokus på kyrkjelydens misjonsprosjekt som er NMS sitt arbeid i Midtausten.

11. november fekk vi besøk av Elisabeth Sowerby Dale frå NMSU, Misjonsselskapet sin ungdomsorganisasjon. På samlinga fortalde ho om arbeidet NMS gjer i hovudstaden i Egypt, Kairo, der det bur 20 millionar menneske. Ungdommane tykte det var ei kjekk samling med god mat, quiz og kjekke leikar. Det var 22 13-åringar til stades, ein oppslutnad på 79%

Konfirmasjon

Sogn og Fjordane er blant fylka som har høgast oppslutnad om kyrkjeleg konfirmasjon. Forutan deltaking i gudstenester og vanlege samvær, er konfirmantane i Fjaler med på nattcup i Førde og konfirmanthelg på Alværa Misjonssenter, samt at dei deltek på Kirkens Nødhjelp sin innsamlingsaksjon før påske. Det blei gjennomført konfirmanthelg på Alværa Misjonssenter 20.-21. mars 2021 – akkurat i tide før nedstenginga før påske. Dør-til-dør-aksjonen til Kirkens Nødhjelp blei gjort digital. Deltakingsprosenten for konfirmasjon i 2021 var 100%.





Tiltak etter konfirmantaldar

Solidaritetskonserten markerer avslutninga på innsamlingsaksjonen til Kirkens Nødhjelp. Denne konserten er eit samarbeid mellom Kyrkja og Kulturskulen. Blant deltakarane her er også ungdom over konfirmantaldar. Ungdomskoret er eit tilbod for denne aldersgruppa. På grunn av corona-situasjonen blei konserten avlyst i 2021.

Kyrkje-skule/barnehage-samarbeid

Dingemoen sine barneskulegudstenester, og barnehagegudstenesta før påske og jul blei begge avlyst på grunn av nedstenginga av Noreg. Ungdomstrinnet på Dingemoen hadde skulegudsteneste før sommarferien. Før jul var det berre Våge skule som gjennomførte skulegudsteneste. Det var berre desse to skulegudstenestene i 2021. Det blei elles arrangert eit 4-timars bibelkurs for femte årssteg på skulen i KRLE-faget. Dette kurset heiter «Vandring gjennom Bibelen», og blei gjennomført i januar-februar – før nedstenginga av landet.

INSTITUSJON og DIAKONI

Institusjon

Det er andakt på Fjaler sjukeheim annankvar tysdag, dei fleste med sokneprest og kantor. Tidspunktet er endra frå kl 15.30 til 17.00. Soknepresten har òg vore på besøk til dei som har ønskt det. Det blei arrangert julemesse på sjukeheimen første søndag i advent med andakt av soknepresten.

Diakoni

Det meste av den kyrkjelege aktiviteten har eit diakonalt preg. Diakoni er «evangeliet i handling, uttrykt gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kamp for rettferd.»

Av konkrete årlege tiltak er Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjonen. Til jul deler vi ut blomar til pårørende, busett i kommunen, som har mista eit nært familiemedlem i løpet av året. Fasteaksjonen blei gjort digital, men utdelinga av blomar til pårørende gjekk som normalt i desember 2021.

«**Tid for tru**» er samlingar for vaksne der ein samlast til undervisning og samtale om kristne tema. Dette er eit samarbeid mellom sokneråda i Fjaler og Askvoll med samlingar i Dale og Askvoll annankvar gong.

Bildet, frå venstre: Sokneprestane Knut Arne Kummeneje, Audun Systad (Hyllestad) og Kjell Olav Høstaker Nordheim (Askvoll)



Vinteren 2021/2022 var det planlagt fem samlingar med tema retta mot Truedkjenninga og dei tre trusartiklane. Første samling var torsdag 4. november på Ljosheim i Dale med 27 frammøtte,

og andre samling var torsdag 2. desember i Askvoll kyrkje. Prest Audun Systad har leia samlingane. Det var vore spennande å samle folk frå både Fjaler og Askvoll, noko vi håpar vil fortsetje!

Gudstenesteliv

	<u>2018</u>	<u>2019</u>	<u>2020</u>	<u>2021</u>
Gudstenester – totalt i Fjaler, inkludert barnehage- og skulegudstenester og 2 gudstenester på sjukeheimen.	82	79	63	62

Gudstenesteliv i 2021

For andre året på rad blei konfirmasjonsgudstenestene i Fjaler flytta frå april/mai til august/september. For andre året på rad blei påskegudstenestene avlyste. Påskedag hadde vi Dale kyrkje opa frå kl 11 til 13, der 6 personar var innom.

Lovleg antal deltakarar varierte gjennom året frå 10 til 200. Ei stund var det lov å ha 20 til gudsteneste, ei tid 50 og ein periode 100. Ved maksimalt 10 og 20 personar, var det påmelding til gudstenestene. Julaftan og juledag var talet sett til 50 – med påmelding. I Dale kyrkje var det julaftan akkurat 50 til stades, og juledag 35. Nyårsaftan var der 26 personar. Ved julaftangudstenestene i Guddal kyrkje og Folkestad kapell var det noko færre påmelde enn det var plass til, 26 i Guddal og 35 i Folkestad.

Inntrykket er at folk har vore forsiktige i koronatida. Vi har heldigvis ikkje vore i ein situasjon der det har kome så mange at vi har måtte avvise nokon på grunn av antalsbegrensing. Talet på gudstenester med nattverd gjekk drastisk ned. I Fjaler gjennomførte vi nattverdgdudstenester så lenge det var lov med 200 til stades, elles ikkje. Naturleg nok, vil jo statistikken vise denne forskjellen i deltaking. Under Teaterfestivalen i september, der temaet var «TRU», blei det gjennomført ei gudsteneste med dette temaet. Konfirmantane var med og dramatiserte bibeltekstar og gjennomførte ei gudsteneste som blei tatt godt imot av dei framømte.

Krossvandring og Lysvandring

I faste- og påsketida hadde vi to ulike vandringar ståande rundt Dale kyrkje. Lysvandring hadde vi også i fjor, og den vart dette året supplert med Krossvandring. Kvar av vandringane har 14 stasjonar, kvar med plansjar med bilde og bibeltekst. Mange syntest det var kjekt med denne vandringa når ein ikkje fekk kome inn i kyrkja på grunn av koronarestreksjonar.



Kystpilegrimsleia

Kystpilegrimsleia går frå Rogaland til Trondheim og er ei samanhengande reiserute langs kysten – med utgangspunkt i kulturminne og heilagstadar. I Vestland fylke er det fem nøkkelstader. Leia går gjennom Fjaler, men Korssundet, der den nest største av dei store steinkrossane i Norge står, vart ikkje nøkkelstad. Dei næraste er Kvernsteinsparken i Hyllestad og Svanøy hovudgård i Kinn kommune. Men i Fjaler er det årleg olsokgudsteneste ved Korssundkrossen, slik også i sommar. Sokneprestane i Fjaler og Hyllestad Knut Arne Kummeneje og Audun Systad var liturgar og det vart markert at Korssundet kan vere ein møteplass langs pilegrimsleia.

Misjonsprosjekt

Fjaler sokn har ein misjonsavtale med Det Norske Misjonsselskap (NMS) og støttar arbeidet deira i Midtausten. Koronarestriksjonar, med at ein skulle bli sitjande på faste tilviste plassar under gudstenesta og ikkje gå rundt altaret og ofre, førte til nedgang i offergåver, men auke i bruk av Vipps gjorde til at gåvene vart noko større enn i koronaåret 2020. NMS sender ut brev til kyrkjelydane fleire gongar i året, desse kan du lese i kyrkjebladet. Vil du vite meir om arbeidet, kan du besøke nettsida www.nms.no



GRØN KYRKJELYD

Fjaler sokneråd er sertifisert som grøn kyrkjelyd og har forplikta seg på ulike tiltak innan: Diakoni, undervisning og misjon. Energi, transport og reise. Informasjon og samarbeid. Forankring i kyrkjelyden. Innkjøp, forbruk og avfall. Gudstenesteliv.

Miljøfyrtårn er Norges mest brukte sertifikat for verksemder som vil dokumentere sin miljøinnsats og vise samfunnsansvar.

Det er viktig at vi alle har fokus på tiltaka vi har forplikta oss på! Særleg innan avfall, kjeldesortering på gravplassane slit vi med å oppfylle forpliktingane.

Lenkje til rapporten frå Fjaler sokn 2021.

<https://rapportering.miljofyrtarn.no/stats/139335>

KOR OG KORARBEID

Kantor Mark Taylor er musikalsk leiar for kora. Dei har sine eigne styre samansett av kormedlemmer. Ved barnekora og Ungdomskoret er føresette òg med. Takk til dei som stiller opp som ansvarlege i styra og deltek på gudstenestene der kora syng. Dei ulike kora har sine eigne årsmeldingar som gir utfyllande opplysningar om aktiviteten. Sjå heimesida www.fjaler.kyrkja.no

Dale barnekor hadde 22 medlemmer i alder 8 til 11 år, fire av dei var gitar. Barnekoret gjennomførte alle øvingane og deltaking på gudstenester som planlagt i vårsemesteret, men song ved påskestunda for barneskulen, vårtreff med Ung Kyrkjesong og vårkonserten på sjukeheimen vart avlyst grunna covid19-restriksjonar. Haustsemesteret gjekk som planlagt, med unntak av desember der julekonserten på sjukeheimen, skulegudstenesta og korsong på julaftan vart avlyst. Borna har også sakna avslutningsfestar. Koret hadde 22 øvingar på Ljosheim og song på 7 gudstenester i Dale kyrkje.

Do Re Mi, barnekoret vest i Fjaler, hadde 5 medlemmer, alle jenter, i alderen 6-11 år.

Koret song på karnevalgudstenesta fastelavnssøndag i Hellevik kapell og på Barnas påskegudsteneste i Folkestad kapell, som også inkluderte 25-årsjubileumskonserten for Do Re Mi, med fine vårsongarar, jubileumstale og utdeling av pins og diplom. Koret hadde 5 øvingar på Våge skule.

Dessverre, var det berre 2 born som ville vere i koret etter sommaren, så det vart ikkje aktivitet i haustsemesteret.

Fotograf: Linda-Helen Hjelle



Guddal familiekor hadde 8 songarar, 5 born (inkludert 2 gitar) og 3 ungdom, i alderen 6-15 år. Tross smitteverntiltak, klarte koret å ha 13 øvingar og deltok på 9 gudstenester i Guddal kyrkje, men song på julaftan gjekk ut.

Ungdomskoret hadde 5 medlemmer, alle jenter, i alder 13-17 år. I vårsemesteret hadde koret 8 øvingar på Ljosheim og song på skaparverksdagen, men om hausten har det ikkje vore meir enn tre songarar. Likevel, med berre to øvingar, har koret sunge på to gudstenester og med eit innslag på julekonserten i Dale kyrkje.

Blandakoret for vaksne, **Cantus**, hadde 22 songarar i 2021, seks av desse menn. Koret fekk ikkje lov å starte aktiviteten før april, og då ville berre 8 kvinner syngje. Likevel hadde dei fire øvingar og heldt utekonsert til glede for dei på sjukeheimen, samt song på høgtidsgudstenesta pinsedagen i Dale kyrkje. Frå hausten vart fleire med, og Cantus gjennomførte alt av planlagt aktivitet, unnateke julekonserten på sjukeheimen som måtte avlysast. Koret hadde då 13 øvingar og song på 3 gudstenester, samt julekonserten i Dale kyrkje, og i tillegg ein minikonsert med 3 songar på opningsfesten for Teaterfestivalen på Samvirket.

Gudstenester Som nemnt deltok kora i relativt mange gudstenester, tross koronarestriksjonar: Dale barnekor 7, Do Re Mi 2, Guddal familiekor 9, Ungdomskoret 3 og Cantus 4.

Samarbeid med lokale musikk-krefter

Fjaler sokn er langt på veg til å oppfylle Kyrkjemøtet sitt vedtak om samarbeid med andre musikk- og kulturkrefter i kommunen. Fjaler er heldig som har ein god kulturskule som bidreg med musikk-, lyd- og lys-styring, særleg viktig i samband med arrangement av Julekonserten i Dale. På julekonserten deltek mange andre lokale aktørar også. Songsolistar som Marie Skadal og Ingvild Rakneberg, samt instrumentalsolistar som Jarle Milde (trekkspel) deltok på gudstenester der kor ikkje stiller.

Kulturarrangement

Julekonserten i Dale kyrkje.

Avslutningsnummeret



Konsertar i Dale kyrkje

30 mai, Stig Ulv. Her var det berre 13 til stades.

15. august, Steinar Engelbrektson Music, konsert i Dalsfjordveka. Her var det 127.

10. desember «Den tradisjonelle julekonserten» i Dale blei spelt inn som videoopptak i samarbeid med dei vanlege lokale aktørarane, om lag 95 medverkande. Videoen låg ute på nett ei veke frå

11. desember, og svært mange var innom og såg og hørde konserten.

Utleige av kyrkja til konsert

27.11. Konsert arrangert av Jakob Sande-senter for forteljekunst med Det Norske Jentekor og eit lokalt kor. Dette var før ny nedstenging før jul, og konserten var difor godt besøkt.

Kommunikasjon ut

Kyrkjeblad for Fjaler kjem ut 3 gongar i året. Vi er takksame for at folk finn Kyrkjebladet interessant og betaler bladpengar som gjer det mogleg for oss å gje det ut. Heller ikkje i 2021 let alt som vart kunngjort i Kyrkjebladet seg gjennomføre p.g.a. smitteverntiltak, men ikkje så mykje som det første året med korona gjekk ut.

Vi har heimeside/nettside www.fjaler.kyrkja.no og er på Facebook.

Gudstenester blir kunngjort kvar laurdag i ein felles annonse for heile Firda sitt dekningsområde. Der står berre stad og klokkeslett, og det blir vist til heimesida for meir informasjon.

Kyrkjeseekretær Joy Taylor var hovudansvarleg for kyrkjebladet og informasjonen på sosiale medium.

Kyrkjekontoret i Dalehuset i Dalstunet. Vi trivst i kontorlokala sentralt i Dale nær kyrkja. Fleire og fleire nyttar nettet ved kontakt, slik at både telefonoppringingar og besøk på kontoret har år for år gått litt ned.

KYRKJER

Måling av Dale kyrkje.

Etter at vestsida av kyrkja og deler av tårnet vart målt i 2020, vart resten av kyrkja målt i år. Målaren hadde framleis problem med å få leigd høg nok lift, slik at øvste delen av tårnet står framleis att. Det er lovd målt ferdig i 2022.

Konsertpiano

var på plass i Dale kyrkje i slutten av november. Det gamle pianoet var ikkje lenger godt nok til bruk ved konsertar, og då Ljosheim trong nytt piano, vart det kjøpt nytt til kyrkja og det gamle flytta dit. Konsertpianoet som vart kjøpt er det beste som finst, når ein ikkje har plass til flygel, som er «hakket» betre.

Guddal kyrkje.

Nytt lydanlegg vart montert våren 2021. Det vart laga eit lite skåp og ei hylle til plassering av diverse komponentar til lydanlegget.

Kyrkja fekk montert brannvarslingsanlegg med støtte frå Riksantikvaren og KNIF forsikring.

Hellevik- og Folkestad bedehuskapell er to «privateigde» kapell der soknet er leigetakarar.

Folkestad kapell, kyrkjerommet, fekk montert varmestyring betalt av soknerådet. For å få det til, måtte varmémennane skiftast. No slepp vi køyre eins ærend til kapellet for å slå på varmen før våre arrangement.

GRAVPLASSAR (kyrkjegardar)

Dei fire gravplassane; Dale, Guddal, Hellevik og Folkestad, hadde alle vanleg vedlikehald. Vi får jamt over gode tilbakemeldingar på vedlikehaldet.

Nye Dale gravplass

Grunnundersøkingar vart gjort og flaumsonevurderingar held fram.

1.desember fekk vi orientering om at Norconsult, på oppdrag for Fjaler kommune, set i gang arbeid med detaljregulering for eigedomane i området, deriblant gravplassen på Øyra.

Finansiering av gravplassen ligg ikkje inne kommunen sin økonomiplan, med unntak av midlar til vidare planarbeid.

Guddal gravplass hadde vanleg vedlikehald.

Toalett og reiskapshuset vart måla.

Hellevik gravplass hadde vanleg vedlikehald.

Folkestad gravplass.

Det gamle klokkerårnet ved kapellet vart bygt om og utvida i retning kapellet for å gje plass til reiskapar. Etter ønske frå eigarane av kapellet, fekk bygningen skifer på taket, som òg klokketårnet hadde. Kapellet har skifer på taket. Vi rakk å få bygget tett før vinteren. Det står att arbeid innvendig til etter nyttår.



Hellevik- og Folkestad har ikkje hatt plentraktorar. Alt graset har blitt slått med mindre bioklipparar. Når reiskapshuset i Folkestad står ferdig våren 2022, får vi plass til oppbevaring av reiskapar på begge gravplassane. Då vi seinhaustes fekk eit godt tilbod på plentraktorar, vart det kjøpt inn to slike.

Ljosheim – forsamlingshuset i Dale

Finansiering av drift og vedlikehald har kome frå den årlege Ljosheimbasaren, husleigeinntekter og minnestunder. Dette året fekk vi ikkje ha Ljosheimbasar. Og minnestunder har det ikkje vore etter at pandemien kom i mars 2020.

Bruk

Soknet brukte Ljosheim til korøvingar, Cantus og ungdomskoret, når det var opning for det. I vårsemesteret hadde barnekoret, som i fjor, øvingar på Ljosheim, sidan dei ikkje fekk øve på skulen grunna ombygging. Storsalen var utleigd til aktivteter som Yoga, ekstern korøving og musikkøving. Dei eritreiske flyktingane har i fleire år halde søndagssamlingar i småsalen.

Opprusting - vedlikehald

Det vart gjort ein del opprusting av huset, og i tillegg hadde vi vasskade.

Vasskaden vart oppdaga i kjellaren ein laurdag midt i juni. Årsaka var steammaskina på kjøkkenet. Skadane var avgrensa, men den nye sideveggen i matsalen og ein god del lister måtte skiftast. Godt då å ha forsikring. Skadefirma frå Førde kom og gjorde jobben. Men takk til lokale eldsjeler som gjorde dugnad med å få bort vatn frå golvet, noko som førde til at eigendel på forsikringa vart redusert.

Innhaldet i dei to sikringskåpa vart bytt ut. Dei gamle skrusikringane vart erstatta med automatsikringar. Dette vart gjort for å auke tryggleiken, både branntryggleik og brukartryggleik. Vi søkte Sparebankstiftinga i Fjaler om tilskot til prosjektet, men fekk avslag.

Varmestyring er montert i småsalen, storsalen og matsalen. Varmen vert no slått på og av med ein app på mobilen, der ein òg kan leggje det inn i kalender.

Skifte av vindauge i kjellaretasjen. Eitt vindauge ved inngangsdøra og to små på toaletta, vart skifta på dugnad av Terje Halsnes, Geir Magne Kleppe og Leiv Nistad.



Rekkverk på rullestolrampen vart montert like før jul, og resultatet er vi svært godt nøgde med.

Prosjekt på kyrkjer og gravplassar som det må jobbast vidare med å få gjennomført:

Dale kyrkje

- Vindaug – omkitting, byte ut knuste ruter og måling
- Nye brudestolar må på plass fordi dei knallraude som er i kyrkja, passar verken i form eller farge
- Sikkerheitsgitter på røyromnane under benkane
- Slipe og lakke golvet i kyrkjeskipet
- Planleggje påbygg på inngangspartiet, eventuelt ombygging inne. Livslaupsstandard på toalett, dåpsventerom og lagerplass

Guddal kyrkje

- ❖ Lakke golvet
- ❖ Vindaug – omkitting, byte ut knuste ruter og måling
- ❖ Skiferen på kyrkjetaket er av dårleg kvalitet. Dessutan rustar spikrane, slik at heller dett ned og vert knuste

Dale gravplass

- ♦ Utvide med ny gravplass
- ♦ Omregulere gravplassen slik at drifta vert lovleg med graving etter «rutenett». Teikne nytt kart over gravplassen der graver som er yngre enn 25 år er nøyaktig plasserte.

Guddal gravplass


- ♦ Teikne nytt gravkart i samsvar med nye krav

Hellevik gravplass:

- ♦ Planting

Folkestad gravplass:

- ♦ Plante ved det nye gravfeltet m.m.
- ♦ Vedlikehald av steinmuren rundt delar av gravplassen



FJALER SOKN SIN REKNESKAP 2021

Rekneskapan til Fjaler sokn vert førd av Fjaler kommune og revidert av kommunerevisoren, Vestland revisjon.

Fjaler sokneråd er takksame for det gode samarbeidet med kommunen, og for drifts- og investeringstilskot frå kommunen.

Fjaler sokn sin rekneskap har fire tenestemråde: 1. Kyrkjeleg administrasjon, 2. Kyrkjer, 3. Gravplassar og 4. Anna kyrkjeleg verksemd.

Aktivitet under dei tre første tenestene har kommunen finansieringsansvar for.

Nytt lovverk frå 1.1.2021.

Kommunen sitt økonomiske ansvar overfor den lokale kyrkja finn ein i «Lov om tros- og livssynssamfunn» (trossamfunnsloven) Kap 3 § 14. *Finansiering av Den norske kirke* og «Lov om gravplasser, kremasjon og gravferd» (gravplassloven) § 3 *Gravplassmyndigheten og kommunens ansvar*, 2-3 ledd.

Her i årsrapporten vert det berre ei kort oppsummering av rekneskapan for 2021. Soknerådet og revisor får årsberetning og notar.

Resultat

Etter nye rekneskapsføreskrifter skal overskot reduserast mest mogeleg ved å redusere vedteken bruk av disposisjonsfond. Kr 76 997 er redusert.

Rekneskapan under dei tre første tenestene (1, 2 og 3), der kommunen har finansieringsansvar, har eit mindreforbruk på kr 25 572, som er vedteke avsett på disposisjonsfond.

Den samla mva-refusjonen i rekneskapan er kr 507 386 151. Av dette er kr 153 309 i investeringsrekneskapan.

Sum driftsinntekter, inkludert inntekter under tenesta (4) 044 Anna kyrkjeleg verksemd, er kr 4 575 063.

Driftstilskotet frå Fjaler kommune er kr 3 398 000, Brukarbetaling, avgifter og leiginntekter kr 218 782, Refusjonar/overføringar kr 464 591, Tilskot frå Rettssubjektet Den norske kyrkje 232 945, Andre tilskot, gåver og innsamla midlar kr 181 744.

Sum driftsutgifter, inkludert utgifter under tenestene under 044 Anna kyrkjeleg verksemd, er kr 4 714 596. Lønn og sosiale utgifter utgjer kr 2 156 846, Kjøp av varer og tenester kr 1 970 727, Refusjonar/overføringar kr 408,755, Tilskot og gåver kr 123 268.

Kommunal tenesteyting er tenester til rekneskapsføring, lønsutbetaling og revisjon.

Verdien av kommunal tenesteyting er sett til 55.000 kr, og er ført både som inntekt og utgift.

Kommunen er beden om å auke dette beløpet som har stått uendra i årevis.

Rekneskapsskjema – Investering. Investeringsrekneskapen går i null.

Sum investeringsbehov kr 1 72 803. Summen er inkludert kr 600 000 i tilskot frå kommunen, som først blei avsett på ubunde investeringsfond. Momsrefusjonen er kr 153 309.

Kjøp av aksjar og andelar: kr 6 260 – overføringar frå driftsrekneskapen, gjeld KLP.

Kyrkjer: Måling av Dale kyrkje kr 301 945 eks. mva.

Gravplassar: Ombygging og utviding av reiskapshus Folkestad gravplass kr 311 290

Dei sju tenestene under 044 Anna kyrkjeleg verksemd

Kyrkjelydsarbeid, Dåpsopplæring (Trusopplæring med tilskot), Konfirmantarbeid, Diakoni, Kyrkjemusikk, Kyrkjelydsblad.

Ljosheim forsamlingshus vert og ført her.

Aktiviteten under tenesta «Anna kyrkjeleg verksemd», er soknerådet sine oppgåver etter *Kirkeordning for Den norske kirke § 12. Menighetsrådets oppgaver*. (gjeldande frå 1.1.2021).

Ved *Konfirmantarbeid* er kommunal delfinansiering vidareført.

Inntekter er elles kyrkjeoffer, leigeinntekter, billettinntekter, gåver og bladpenger. Basarinntekter til Ljosheim blei det ikkje i 2021 og minnestunder tok slutt med pandemien. Leigeinntekter gjeld Ljosheim. I tillegg mottok soknerådet årleg tilskot frå Kirkerådet til trusopplæring, der ein har rapporteringsplikt til Kirkerådet via Bispedømmerådet.

Tenestene under 04400 Anna kyrkjeleg verksemd, blir med unntak av Konfirmantarbeid og i år Ljosheim, «nulla ut» før rekneskapsavslutning. Her har alle tenestene kvar sitt bunde fond, og då blir det anten avsetjing til fond, eller bruk av fond. Dette fordi desse tenestene vert haldne utanfor dei tenestene der kommunen har finansieringsansvar. Avsett til bundne fond kr 72 811. Bruk av bundne fond kr 28 555.

Konfirmantarbeid sitt resultat er kr 11 974,28. *Ljosheim*; kr 76 997,08. Det var vedteke bruk av didposisjonsfond under Ljosheim, som ein, etter nye rekneskapsføreskrifter, ikkje skulle nytte fordi rekneskapen hadde mindreforbruk.

Årleg vert det teke inn offer i kyrkjene til organisasjonar og følgjande er overført

Ein ser ei tydeleg auke i bruk av Vipps ved ofring under gudstenestene. Ved vipps blir vi trekt 1,5% i gebyr og når vi set kontantar inn i banken må vi betale kr 75 pr innskot.

	<u>2018</u>	<u>2019</u>	<u>2020</u>	<u>2021</u>
Offer til Lag og organisasjonar	57 257	52 696	30 273	41 595
Offer til Misjonsprosjektet	26 430	21 719	20 501	22 025
Offer til Kirkens Nødhjelp	14 523	18 350	3 883	6 102
Fasteaksjon Kirkens Nødhjelp	45 508	46 636	Digitalt	Digitalt

Etter at offergåvene gjekk tilbake i det første året med koronapandemi, 2020, er det i det andre året med pandemi, ein auke. Bruk av Vipps har teke seg opp.